

Meland Kommune

Postboks 79

5906 Frekhaug

Dag Seim

Ardalsvegen 14

5724 Stanghelle

#### SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL.

Eg er eigar av hytte, fritidseigedom, gnr.50, bnr.15 i Meland kommune, og vil med dette skriv søkje om dispensasjon for oppføring av eit mindre tilbygg til nemde hytte. Hytta og eigedomen sine byggverk er lovleg oppført, og eit mindre tilbygg skulle ikkje medføre dei heilt store endringane som sådan.

Ein dispensasjon i dette høve vil ikkje medføre at føremålet LNF vert råka av omsøkte tiltak, eller vil bli vesentleg sett til side. Eigedomen er allereie privatisert med hytte naust og bryggje, og eit nytt tilbygg vil soleis ikkje vere til hinder for den eksisterande allmenne ferdsla i område.

Når det gjeld det visuelle frå sjøsida så vil tilbygget bli utført på hytta sin fasade som vender frå sjøen. Slik at tiltaket ikkje vil medføre at hytta kjem ytterlegare i strid med 100-metersbeltet langs sjø.

Elles så er grunngjevinga at hytta vil bli meir tilpassa familien sine behov, og vil bli meir framtidsretta, og meir nytta. Tilbygg og hytta vil også bli oppgradert til å stetta dagens energikrav, noko som er særst samfunnsnyttig.

Dersom søknaden er mangelfull eller det er behov for ytterlegare opplysning, ta kontakt med underteikna på telefon 95987651

Vonar Meland kommune ser med velvilje på søknaden.

Med helsing



Dag Seim